

SLUTTRAPPORT

Forprosjekt avhendingsportal

Bymuseet søkte for 2016 i samarbeid med KulturIT, Randsfjordmuseene AS og Oslo Museum om midlar til utvikling av ein avhendingsportal for museumsgjenstandar. Vi fekk tildelt kr. 100 000 til eit forprosjekt for å skrive kravspesifikasjon.

Ei arbeidsgruppe med ein person frå kvar samarbeidsinstitusjon vart nedsatt:

Gunn Walmann, KulturIT (prosjektleder)

Anne Bjørke, Bymuseet i Bergen

Grethe Johnsrud, Randsfjordmuseene AS

Kristin Gaukstad, Oslo Museum

Det vart bestemt at Gunn Walmann og Anne Bjørke skulle reise på studietur til Nederland og England for å lære meir om korleis tilbod om overtaking av vedtatt avhenda gjenstandar vert publisert musea i mellom. Reisa vart gjennomført 22.-24. august og inneheldt følgjande møter:

Nederland

Møte med Yuri van der Linden, Cultural Heritage Agency, ansvarleg for databasen som var i bruk inntil 2016.

Møte med Gea Wold og Margriet de Jong frå Museumsvereniging, Roos de Groot frå Icatt Interactive media og Ellie Bruggeman frå Museum Register Nederland for å høyre om den nye avhendingsportalen

Møte med Joke van Haaren, ansvarleg for avhending til andre museum ved Frans Hals museum i Haarlem.

England

Møte med Museums Association some er ansvarleg for portalen "Find an object": Tricia Johnstone, Head of finances and resources, Emma Mitchinson, Marketing and Sales Officer og

Patrick Steel, website editor.

Møte med v/ Jenny Fewery, Collections Information Officer ved The Science Museum, som er bruker av portalen og ansvarleg for avhending til andre museum,

På bakgrunn av erfaringar frå studieturen og vidare diskusjonar i arbeidsgruppa, så vart det skreve ei kravskisse til utvikling av avhendingsportal. Søknad for utvikling vart sendt Kulturrådet i oktober 2016. Målet var formulert som følgjer:

Målet er å utvikle eit funksjonelt verkty som vil hjelpe musea å ivareta kravet om å tilby vedtatt avhenda objekt til museum før ein eventuelt avhendar til andre. Portalen vil kunne publisere metadata frå samlingsforvaltningssystemet (SFS) og samtidig legge til rette for enkel manuell registrering direkte på nett.

Dette vil på mange måtar ver eit nybrottsarbeid, då ingen av dei andre portalane/basane vi kjenner til kan publisere data direkte frå eit samlingsforvaltningssystem. Vi viser til søknad med kravskisse for nærare detaljar.

Forprosjektet ble ferdigstilt og avslutta ved innsending av ny søknad i oktober 2016.

De tildelte midlene ble brukt på følgjande måte:

Konto	Beskrivelse	Beløp
5400	Arbeidsgiveravgift	4,74
6740	KulturIT, deltakelse prosjektgr. Avhendingsportal	80 320,00
7100	Bilgodgjørelse	352,80
7140	Reisekostnad studietur	17 825,93
7350	Representasjonsmiddag Amsterdam	1 152,26
7420	Gaver	237,00
	Totalt	99 892,73

Bergen, 18. januar 2017

Anne Bjørke, Bymuseet i Bergen